

**Sakshandsamar:**

Kristin Arnestad
E-post: kristin.arnestad@sfj.no
Tlf.: 90616843

Vår ref.

Sak nr.: 18/340-59
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 23.05.2018

Norled Drift As Avd Bergen
Kong Christian Frederiks plass 3

5006 BERGEN

Svar - Klage - avslag på søknaden om støtte til sesongutvidinga på ruta Bergen - Flåm

Vi viser til klage på avslag på søknad om tilskot frå infrastrukturmidlane i reiselivet, motteke 18.mai 2018. Klagen er motteken innan klagefristen, jf forvaltningslova § 29.

Norled Drift AS søkte om kr. 450 000 i tilskot frå infrastrukturmidlane i reiselivet for 2018 til sesongutvidinga på ruta Bergen-Flåm. Summen det vart søkt om skulle gå til å teste og evaluere sesongutvidinga, og søkjer om midlar hovudsakleg til prosjektering, planlegging, gjennomføring og oppfølging, samt marknads- og salgstiltak. Klagar er part i saka og har klagerett, jf forvaltningslova § 28 (1).

Opphavleg vurdering

Søknaden vart vurdert saman med dei andre søknadane som kom inn i samband med utlysinga av infrastrukturmidlar i reiselivet. Vi fekk 19 søknader som er vurdert opp mot kriteria i utlysingsteksten og satsingane i verdiskapingsplanen. Vurderingane er også gjort i tråd med retningsliner for verkemiddelbruk for næring. Samla søknadssum var langt over det som var tilgjengeleg for tildeling.

Dei fleste søknadane var innanfor ordninga, men nokre søknader grensa til bedriftsretta støtte. Vi prioriterte prosjekt som vart vurdert til å ha størst effekt og som treff aller best mot tildelingskriteria.

Særleg vekt la vi på å prioritere prosjekt som har fått støtte tidlegare, for å få fullført i arbeid. I tråd med utlysingsteksten prioriterte vi også prosjekt som står opp om vandring som aktivitet.

Vi vurderte søknaden dykkar slik:

Ei sesongutviding av denne viktige turistruta er svært positivt, og det vil ha viktige effektar for reiselivet i regionen om ruteutvidinga vert vellukka. Etter utlysingsteksten skal vi ikkje støtte bedriftsretta tiltak, og eit tilskot vil truleg kome inn under reglane om offentleg støtte og måtte bli gitt som bagatellstøtte eller under eit gruppeunntak. Prosjektet vert difor rekna som bedriftsretta sjølv om store deler av næringa i Sogn vil ha nytte av sesongutvidinga.

Sesongutvidinga vil bli sett i verk uavhengig av eit tilskot frå fylkeskommunen, så det kan vurderast kor stor utløyssande effekt eit tilskot vil ha. Føresetnaden for utvidinga var at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen, og sjølv om vi ser at ei solid marknadsføring er viktig for resultatet vel vi å ikkje gå inn med støtte.

Vurdering av klagen

De skriv at bakgrunnen og grunngjevinga for klagen er at de meiner at søknaden treff svært godt på punkta under tildelingskriteria, og at effekten på regionen totalt sett har eit stort potensial. Sjølv om prosjektet vert sett i verk utan støtte vil sjansane for å lukkast aukast monaleg ved å ha ein meir kraftfull og omfattande marknadsførings- og salspakke knytt til sesongutvidinga.

Vi er einige i at søknaden dykkar treff godt på mange av punkta i utlysingsteksten, noko som også avspeglar seg i vår vurdering om at ei sesongutviding av turistruta er positiv, og at det vil ha gode

effektar for reiselivet i regionen om sesongutvidinga er vellukka. Vi er såleis ikkje ueinige når det gjeld viktigheiten av sesongutvidinga. Spørsmålet er om søknaden likevel når opp innan denne ordninga. Vi har då sett både på vekting av søknadane opp mot kvarandre på det innhaldsmessige, men også om søknadane er innanfor det vi meiner vi har høve til å støtte.

I 2018 er det ei tydeleg prioritering av prosjekt som har fått tilskot tidlegare, og tilskot til vandring. Dette er i tråd med utlysingsteksten. Vi er einige i at ei solid marknadsføring av tilbodet er avgjerande for resultatet, noko vi også skreiv i saksvurderinga. I følgje våre retningslinjer skal eit prosjekt ikkje vere starta opp når de søker tilskot frå fylkeskommunen. Då vil tilskotet frå oss normalt ikkje ha utløysande effekt (ikkje vere naudsynt for å realisere prosjektet), og vi vil då ikkje støtte prosjektet. Utløysande effekt vil seie at prosjektet ikkje ville blitt gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at prosjektet ikkje hadde blitt gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid. Sjølv om det kan drøftast om gjennomføringa er i ønska omfang utan tilskot frå fylkeskommunen, så er prosjektet starta opp, og det er i alle fall stillast spørsmål om tilskotet har utløysande effekt.

Vi har også vurdert det slik at dykkar søknad er å rekne som bedriftsretta, og at vi då i utgangspunktet ikkje har høve til å støtte søknaden. Det er ikkje kome nye moment til denne vurderinga.

Vi kan ikkje sjå at saka er tilført nye opplysningar som tilseier at ein bør endre syn. Fylkesdirektøren held difor fast på sitt opphavlege vedtak i saka.

Andre opplysningar

I klagen dykkar skriv de at de er kjent med at det er sett av midlar på kr. 150 000 for 2018 som kjem sesongutvidinga på ruta Bergen-Flåm til gode. De set pris på det, men forstår det slik at dette kjem frå ein annan og uavhengig post i fylkeskommunen sitt budsjett.

Midlane på kr. 150 000 til å styrke tilbodet mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden er sett av frå infrastrukturmidlane og handsama saman med dykkar søknad, og dei andre søknadane til ordninga. Midlane til å styrkje tilbodet mellom Flåm og Nordsida er sett av fordi vi meiner at sjølv om vi ikkje har funne rom for å støtte søknaden om tilskot til marknadsføring av sesongutvidinga på ruta Bergen-Flåm, er eit båtrutetilbod på Sognefjorden som er godt tilpassa turistar viktig for heile næringa i Sogn. Til dykkar orientering må saka utgreiast nærare før eit eventuelt tilskot vert tildelt. Midlane skal ikkje nyttast til rutedrift, men til andre tiltak som gjer at ein kan lukkast med eit styrka tilbod, som til dømes marknadsføring.

Vidare saksgang for denne klagesaka vert behandling i fylkesutalet som klagenemnd.

De vil få melding så snart klagen er behandla.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift